

# **TRESFJORD STORVILTVALD**

**TRESFJORD BESTANDSPLOMRADE**

**Vidare nevnt som TBO i dokumentet**

## **BESTANDSPLOM FOR HJORTEVILT**



**ÅR 2015 – 2017**

## Innhold

<i>Del 0: Innleiing</i> .....	2
<b>TIDSRUM FOR BESTANDSPLANA</b> .....	<b>2</b>
<i>Del 1: Grunnopplysningar jaktfelt i TBO</i> .....	2
<i>Oversikt over areal og jaktfelt i TBO</i> .....	2
<b>DEL 2: MÅLSETNINGAR FOR BESTANDSPLANA</b> .....	2
<i>Hovudmål:</i> .....	2
<i>Delmål:</i> .....	2
<i>Trekktilhøve</i> .....	3
<i>Haust. Vinterområde/beite</i> .....	3
<i>Vår. Sommarområde/beite</i> .....	3
<i>Kart over området</i> .....	3
<i>Føresetnader</i> .....	3
<i>Statistikkar, fellingsresultat</i> .....	3
<i>FELTE HJORT 2009 - 2014</i> .....	4
<i>BESTANDSUTVIKKLING 2009 - 2014</i> .....	5
<i>Fig 5. Slaktevekter 2009 - 2014</i> .....	7
<i>Strategi for planperioden</i> .....	7
<i>Avskytingsprofil</i> .....	9
<i>FORSLAG TIL AVSKYTINGSPROFIL FOR 2015 – 2017</i> .....	10
<i>Kontroll av felte dyr</i> .....	10
<i>Målsetjing</i> .....	11
<i>Del 6: RAPPORTERING/ BETALING AV FELLINGSavgifter</i> .....	11
<i>Del 7: TILTAK</i> .....	12
<i>7.1 Registrering/overvaking av bestand</i> .....	12
<i>”Sett hjort”</i> .....	12
<i>Kjeve og tannanalyse</i> .....	12
<i>Vektregistrering</i> .....	12
<i>Merkeprosjekt</i> .....	12
<i>7.2 Andre tiltak</i> .....	13
<i>Skadeskyting</i> .....	13
<i>Godkjenning av nye jaktfelt</i> .....	14
<i>Overføring/byting av kvote til anna jaktfelt</i> .....	14
<i>8.1 Overgang mellom jaktfelte. Fellesjakt/samjakt</i> .....	14
<i>8.2 Organisering i jaktfelte</i> .....	14
<i>Felling av skadedyr</i> .....	14
<i>Kontroll av felte dyr</i> .....	14
<i>Feilskote dyr</i> .....	15
<i>Reglar for ”bøtelegging” ved feilskyting osv</i> .....	16
<i>Felte dyr ut over gitt årlig kvote:</i> .....	16
<i>Felling av feil type dyr</i> .....	17
<i>Felling av dyr utover total årskvote i driftsplanområdet</i> .....	17
<i>Tilbakemelding til jaktfelte/grunneigarane</i> .....	17
<i>Driftsøkonomi til drift</i> .....	17
<i>Finansiering av tiltak i planen</i> .....	18
<i>Rullering/evaluering</i> .....	18
<b>DEL 11: TVISTAR</b> .....	<b>18</b>

## Del 0: Innleiing

### Tidsrom for Bestandsplana

Driftsplana si virketid er frå jaktåret 2015 og til og med 2017.

## Del 1: Grunnopplysningar jaktfelt i TBO

### Oversikt over areal og jaktfelt i TBO

Tidlegare jaktvald blir omdefinerte til jaktfelt og utgjer Tresfjord Bestandsplanområde. Bestandsplanområdet er samansett slik:

JAKTFELT		TELJANDE AREAL	Prosent av totalen
1535J0020	Bjermeland/Eiknes/Kjøpstad	4800 daa	7,41
1535J0021	Løvik	4750 daa	7,33
1535J0022	Eidhammar	3800 daa	5,86
1535J0023	Sør Sylte	11800 daa	18,21
1535J0024	Nerem	8137 daa	12,56
1535J0025	Lindset/Skeidsvol/Kjersem	13484 daa	20,81
1535J0026	Øvstedal	8500 daa	13,12
1535J0027	Rypdal	6000 daa	9,26
1535J0028	Kyrkjesyfte	3524 daa	5,44

Teljande areal er: 64795 dekar.

Elles viser ein til kart med inneteikna grenser.

Planperioden blir satt til 3 år og gjeld **jaktåra 2015-2017**.

## Del 2: Målsetningar for bestandsplana

### Hovudmål:

1. Forvalte hjorteviltet på ein bærekraftig måte samtidig med at beiteskadane på skog og innmark blir haldne på eit akseptabelt nivå. Eit akseptabelt nivå for TBO sitt planområde vil trulig ligge på ein tildeling på ca. 750 dekar pr. dyr for kvart år.
2. Gjennom avskyting sørgje for at stammen har ei naturlig fordeling på alder og kjønn og sette inn tiltak for å få auka slaktevektene.
3. Over tid skal forvaltninga, om mogeleg, byggje opp ressursane i svake område slik at bestanda blir mest mogeleg jamt fordelt utover valdet.

### Delmål:

Viltbestand og beiteskader er ujamt fordelt i valdet, dette beror mykje på mattilgang gjennom året. Det kan være store konsentrasjonar av dyr i forskjellige periodar av året.

### Tresfjord Bestandsplanområde har desse delmåla:

1. I område med høg tettleik av dyr og mykje skader skal ein prøve å redusere bestanden.
2. Det skal arbeidast for at hjortebestanden blir meir spreidd over heile valdet.
3. På sikt skal kvart jaktfelt få høve til å konkretisere sine mål.
4. Delen av hanndyr blir slik at høvet mellom hanndyr og eldre hodyr blir 1:1,5-2.

### Del 3: Hjorten si utbreiing, trekkveggar og statistikkar

#### Trekktilhøve.

Dei mest kjente trekkrutene bør utarbeidast av planstyret når opplysningar føreligger.

Å utarbeide slike trekkruiter er veldig vanskelig utan merking av noen dyr. I de forskjellige områder kor dyr står vinterstid burde det merkes noen dyr (voksne koller og hanndyr) og observere disse dyra på vandringer til vår, sommar og haustbeite.

Det bør arbeidast saman med kommune/ fylke for å få midlar og få satt i verk slike tiltak i løpet av planperioden.

#### Haut. Vinterområde/beite.

Dei mest kjente haust, vinterområda er i jaktfelt Øvstedal, Rypdal (Varfjeld sida), Kyrkje Sylte (Hagen og ved kyrkja), Nerem (Neremslia) Lindset (Rongja), Sør Sylte (Syltelia mot Nerem), Eidhammar og Løvikmarka, samt en del på Kjøpstad, Eiknes og Bjermeland.

#### Vår. Sommarområde/beite.

Dei mest kjente vårbeite med størst konsentrasjon av dyr ligger i hovudsak på Øvstedal, Rypdal, Kjersem/ Lindset, Nerem. Det er mindre område med konsentrasjon av dyr elles i valdet.

På sommarbeite er det mindre konsentrerte beiteområde, men deler av Øvstedal, Rypdal, Lindset, vestre del av Nerem, Syltelia, Eidhammar, Løvik og nordover.

#### Kart over området.

**Må utarbeidast**

#### Føresetnader.

Planen er utarbeidet etter fellingsstatistikkar for perioden 2009-2014. I forhold til innrapporterte ”Sett Hjort Skjema” og vår og vinterteljingar. ”Kommunale målsetningar og retningsliner for forvaltning av hjort” utarbeida Vestnes Kommune 2009 – 2012.

#### Statistikkar, fellingsresultat

##### Sett hjort pr. jegerdagsverk


År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	Gj.snitt
Sett hjort pr. jegerdagsverk	2,68	3,55	2,72	2,05	2,24	1,48	2,46

Viser et gjennomsnitt av kor mange hjort kvar hjortejeger ser per dag. Indeksen tar ikkje omsyn til antall timer jakta. Verdien utregnas ved å dele antall hjort som er sett på antall jegerdagar.

Fig. 2

### OVERSIKT "SETT HJORT" FOR DE FORSKJELLIGE JAKTFELTA

Tabellen viser sette hjorter pr. jegerdagsverk (jegerdagsverk er lik 8 timer jakta)



Som tabellene viser er det ikke de store endringene de siste 6 år, med unntak av 2014. 2014 var ett spesielt år kraftig nedgang med dyr. Året var spesielt med veldig fint og varmt vær fra tidlig vår og langt ut over høsten. Om avskytingene tidligere år eller om det er klimatiske forhold som påvirker trekkruiter, beiteforhold er vanskelig å konkludere.

### FELTE HJORT 2009 - 2014.

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Antall jegerdagsverk	1047	1127	1113	1201	1458	1538
Hannkalv	23	39	25	31	37	28
Ho kalv	36	41	30	20	32	24
Hann 1,5 år	25	26	26	29	22	33
Ho 1,5 år	24	41	21	20	33	28
Hann 2,5 år og eldre	21	30	29	23	35	22
Ho 2,5 år og eldre	31	34	31	35	37	32
Sum felte hjort	160	211	162	158	196	167

<b>FELTE DYR OG FELLINGSPROSENT 2009 - 2014</b>						
<b>År</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
<b>Tildelt totalt</b>	188	228	186	210	210	210
<b>Felt Hannkalv</b>	24	41	25	30	37	28
<b>Felt Hokalv</b>	35	41	30	22	32	23
<b>Felt Hanndyr 1,5 år</b>	26	25	26	29	22	33
<b>Felt Hodyr 1,5 år</b>	27	40	21	20	33	28
<b>Felt Hanndyr Eldre</b>	23	29	29	23	35	22
<b>Felt Hodyr Eldre</b>	33	35	31	34	37	32
<b>Felt totalt</b>	168	211	162	158	196	166
<b>Fellingsprosent</b>	<b>89,4</b>	<b>92,5</b>	<b>87</b>	<b>75,2</b>	<b>93,3</b>	<b>79</b>

**Figur viser felte dyr i forhold til sett dyr i forskjellige aldersgrupper**


#### **BESTANDSUTVIKKLING 2009 - 2014**

<b>År</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>Gj.snitt</b>
<b>Sett hjort pr. jegerdagsverk</b>	2,7	3,6	2,7	2,05	2,24	1,48	2,46
<b>Sett kolle pr. bukk</b>	1,4	1,6	1,5	1,78	1,94	2,02	1,72
<b>Sett kalv pr. kolle</b>	0,7	0,7	0,7	0,62	0,71	0,74	0,69
<b>Sett spissbukker pr. bukk</b>	0,2	0,3	0,3	0,55	0,35	0,44	0,44
<b>% bukker felt av sette bukker</b>	6,7	6,6	8,3	11,48	9,56	13,78	9,42
<b>% koller felt av sette koller</b>	5,6	5,6	5,1	6,82	6,04	7,44	6,11
<b>% kalver felt av sette kalver</b>	9,1	8,6	7,8	10,14	8,35	8,74	8,80

Som tabellen viser er det liten endring i forhold til dyr som er sett i de forskjellige aldersgrupper og prosent vis felt i de same gruppene. Unntaket er prosentvis felte av sette bukker (1,5 og eldre). Det ser ut til at mengda med dyr er forholdsvis konstant, med unntak for 2014, sett i forhold til det jegerane har observert under jakt. Talmaterialet frå Sett hjort kan innehalde ein del feil, men viser en tendens på variasjonar i observerte mengde dyr.

**Vårtelling av hjort**

Viser gjennomsnitt av tre telledatoer for hvert år.




Figur viser gjennomsnitt av 3 teljingar per år.

Det er ganske stabilt mengde dyr på teljingane på våren. Sjølv om det ble felt mange dyr i 2009 - 2013, ser det ut til att hjortetettleiken ståande i våre område tidlig vår er stabil.

Områda dyra samlar seg ser ut til å variere noe i forhold til om det er barmark, gode beiteforhold på innmarka, tilgang på rundballar, foringsplassar for hest, sau og liknande.

**Fig 5. Slaktevechter 2009 - 2014**



Gjennomsnitt slaktevechter ligger på stort sett same nivå som tidligere år. Nedgang på eldre bukk har trulig litt med at det ble innført en vekt grense på 75 kg for åra 2009-2013, 2014, 70 kg og med kortere virketid. Slike dyr kunne da takas av spissbukkvota. En del slike dyr ble felt og trekker ned slik gjennomsnitt slaktevechter i eldre bukk gruppa.

#### Del 4: AVSKYTINGSPLAN 2015-2017.

##### Strategi for planperioden.

TBO har på grunnlag av statistikk fra Sett Hjort, teljingar og avskytingar og vurdert det slik at hjortestammen kan sjå ut å være stabil åra 2009-2013, men med en markert nedgang i 2014. 2014 var eit noe spesielt år da det var en tidlig varm vår med påfølgande varm sommar og haust. Det var lite med dyr som trekkte inn i våre områder tidlig haust og utover til desember. Det var veldig få dyr på innmark, det ble observert dyr høyt i terrenget til sent på hausten. Det var gode beiteforhold i skog og mark langt utover hausten. Sett i forhold til avskyting og observerte dyr balanserar trulig hjortestamma med ett uttak av på 160 -190 dyr pr. år.



TBO ønskjer å fortsette å redusere ned stammen av dyr i enkelte områder i løpet av de neste åra. Det er fortsett stor tettleik på dyr i enkelte områder som gjør skade på åker/eng og skog. I enkelte område er det kraftig nedgang på ”sett hjort”, i disse områda må jaktfelta ta egne vurderingar på mål for uttak i de neste åra.

Tildeling av dyr må tildelast meir i forhold til registrerte tettleik på dyr og beiteskader. Dette kan/vil medføre at tildeling av dyr pr. dekar kan variere mellom jaktfelta.

Forholdet sett hjort i forhold til jegerdagsverk er for 2009 – 2014 nærmast stabilt med unntak av året 2014.

Når ein vurderar forholdet over fleire år med sett bukk per kolle , både 11/2 år og eldre bukk samla ligger dette forholdet på gjennomsnitt for de siste åra (2009 – 2014) ligger dette nå på ca. 1,7, som ligger gått innanfor de målsetningane som er satt på 1,5-2. Enkelte jaktfelt ligger i snitt over 2 koller pr. bukk, dette kan illustrere at det tas ut for mange eldre bukk eller at det tas ut for få koller. Skal berekningar tas omsyn til i forholdet bukk/ kolle bør ikkje uttak av bukk aukast framover i enkelte jaktfelt.

Slaktevektar er ganske stabile i åra 2009 – 2014. Vektene har ikkje auka noe vesentlig de siste åra, en del av årsaka er trulig ordninga med skrapdyr vekter og at jegerane er flinke med å følgje opp dette. Vekter på eldre bukk er nok lavere en hva ein kunne ønske. Skal vekter på denne dyregruppa aukast må jaktfelta være mer beviste på uttak og spare spesielt store dyr i god kondisjon. Det må arbeidast fortsett vidare i planperioden å stimulerast å ta ut små og svake dyr på produksjonssida for å prøve å auke vektene på dyra vidare framover.

***TBO oppmodar om å ta vurderingar innan jaktfelta å ta vare på gode avlsdyr av eldre koller og bukka, samt unge bukkar og unge koller i god kondisjon.***

***Kvart enkelt jaktfelt kan/må vurdere sjølve sin strategi for uttak av avlsdyr i sitt jaktfelt. Det bør leggest vekt på uttak av små dyr og dyr med lav vekt.***

***Dette med mål for å bygge opp bestanden av gode avlsdyr.***

**På grunnlag av overståande opplysningar og statistikkar fastsettast tildelingar for 2015 – 2017 slik:**

Samla kvote for tre år er fastsett til 600 dyr. 60 dyr, av disse behaldar TBO til en ”pott” som brukast til skrapdyr eller ekstratildeling i løpet av tre år. Den totale ordinære tildeling av dyr til jaktfelta vil da bli for tre år på 540. Tildeling pr. år 200 dyr.

Disse 60 dyr som holdes tilbake vil da bli brukt til tildeling av dyr som er under vektgrenser og for ekstratildelingar av dyr etter søknad frå jaktfelt som har felt sin ordinære kvote. Dette vil gi TBO en

betre mulighet til fordeling av dyr i jaktperioden sett i forhold til tettleik av dyr og dokumenterte beiteskader seinare i sesongen. Dyr som ikkje blir brukt kan leggest til neste års kvote når styret i TSV vedtar dette. Disse tildelingane kan styret i TSV vurdere år for år i planperioden. Justeringar i forhold til enkelte jaktfelt vil påverke denne fordeling på dyr per dekar, dette i forhold til at enkelte jaktfelt har større konsentrasjonar av dyr ein andre jaktfelt.

### **Avskytingsprofil.**

På grunnlag av måla som er sett, fellingsstatistikk, og lokal kunnskap om hjortebestanden, blir det lagt opp til følgjande avskytingsprofil:

Eldre hanndyr: maks 15 %.

Eldre hodyr: maks 20 %.

Ungdyr og kalv: minst 65 %, av disse 65 % skal det fellast minst 30 % kalv. Fordelinga av kjønn ved felling av ungdyr skal være tilnærma 50/50 %.

Det blir å tillate inntil 10 % større uttak av hanndyr i ungdyrkvoten.

Det kan fellast kalv i staden for eldre dyr uavhengig av kjønn. Men det oppfordras til at jaktfelte prøver å følgje opp vedtatt avskytingsprofil.

Jaktfelt kan sette opp sin eigen avskytingsprofil dersom det er ønskelig å ta vare på dyr i enkelte kategoriar i sitt område. Ønskes en annen avskytingsprofil, som avviker i forhold til TBO avskytingsprofil, må ein slik avtale settes opp for å gjelde hele planperioden og være godkjent i styret for TBO før jakt sesongen startar og kan ikkje endrast i planperioden.

**FORSLAG TIL AVSKYTINGSPROFIL FOR 2015 – 2017**

<b>Dyr som er til overs brukas til skrapkvote og ekstra tildelingar etter søknad frå jaktfelt som har felt ordinært tildelt kvote.</b>			
<b>Total avskyting 3 år inkl. skrapdyrkvote(60)</b>	<b>600</b>		
Holdes tilbake 60 dyr	540		180
<b>Totalt avskyting dyr i planperioden</b>	<b>540</b>	<b>For hvert år</b>	<b>180</b>
Eldre hanndyr (15%)	81		27
Eldre hodyr (20%)	108		36
Ungdyr og kalv (65%)	351		117
Minimum kalv av ungdyr/ kalv (30%)	105		35
Ungdyr (70%)	(245)		(82)
Ungdyr bukk (50%) spissbukk	123		41
Ungdyr ku (50%)	123		41
Det kan felles inntil 10 % mer hanndyr i ungdyrkvoten			

**FORESLÅTT AVSKYTINGSPROFIL I PROSENT MELLOM ALDER OG KJØNN**

Type dyr	Fordeling i %	Tal dyr for hele planperioden	Rettleiende tal for hvert år (3 år)
Eldre bukk	15	81	27
Eldre hodyr	20	108	36
Ung bukk	17,5	123	41
Unge hodyr	17,5	123	41
Kalv	30	105	35
Sum	100	540	180

**Kontroll av felte dyr**

Oppnemnt jaktleiar har hovudansvaret i jaktfeltet for kontroll av alle felte dyr. Styret oppnemnar kontrollørar føre jaktstart. Det bør oppnemnast minimum 5 personar til dette. Kontrollørar kan ikkje kontrollere dyr som er felt i tilhørande jaktfelt kontrolløren tilhører. Kontrollørar skal ta stikkprøver av felte dyr i de forskjellige jaktfelt, eller når det er tvilstillfeller som jaktleiar trenger hjelp med å bedømme.

### **Ekstra kvote for dyr med lav slaktevekt, ekstra tildeling, skadedyr osv.**

TBO vidarefører ordninga med tildeling av nye dyr som har slaktevekt under oppsette vektgrensar.

- Kalv under 20 kg,
- Unge hodyr under 40 kg
- Eldre koller under 50 kg
- Unge hanndyr under 45 kg
- **Eldre hanndyr under 70kg, denne ordninga gjelder bare frå jaktstart til 15. oktober**

Kalv under 20 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål. Det blir ikkje kravd fellingsavgift for kalv under 20 kg,

Unge hodyr under 40 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

Eldre hodyr under 50 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

Hanndyr under 45 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

**Eldre hanndyr under 70 kg. Slike felte dyr kan da takast av kvota for unge hanndyr. Unge hanndyr reduserast tilsvarande.**

**Felte dyr skal noterast som eldre bukk i "Sett hjort skjema"**

#### **Annet:**

**1,5 års kolle kan fellast i staden for eldre kolle på kvota**

**1,5 års bukk kan fellast i staden for eldre bukk på kvota.**

**Det kan skytast kalv i staden for eldre dyr uavhengig av kjønn.**

Dersom eit dyr skal trekkast av kvoten for lav vekt, skal jaktleiar straks varslast, og dyret skal ved tvil kontrollveias av oppnemnte kontrollør frå styret.

Dyr som vert trekt, vert bytta mot tilleggskvote som TSV har satt av til dette. På fellingsrapporten skal rett alder, vekt rapporterast inn.

Skal uttaket vere ulikt i planperioden, vert det laga plan for kvart enkelt år.

### **Del 5: BESTANDSPLAN RÅDYR.**

#### **Målsetjing.**

Rådyrbestanden skal haldast på eit akseptabelt nivå som hindrar unødige skader. Det er liten bestand av rådyr i planområdet og det skytast få dyr av disse, ca. 10 dyr i året.

Laget søker om ei kvotefri jakt på rådyr.

### **Del 6: RAPPORTERING/ BETALING AV FELLINGSAVGIFTER.**

Kvart jaktfelt ved jaktleiar/ jaktfeltansvarlig skal rapportera inn endelige fellingsresultat inn til styret seinast 10 dagar etter at jakttida er slutt.

Betaling av dei kommunale fellingsavgiftene og eventuelt tilleggsavgift per tildelt dyr i laget skal være innbetalt innan betalingsfrist oppgitt på faktura. Ved for sein innbetaling av avgifter, kan styret fastsette tilleggsavgift m.m.

Ved kvar felling av dyr rapporterer jeger til jaktleiar opplysningar om dato, kjønn, alder, kor dyr kan sjåast og eventuelt vekt innan 12 timar.

Jaktleiar melder inn til oppnemnte kontrollør minimum en gang pr. 14 dag, datoer for innmelding settes av styret før jakta startar. Eller når styret ber om slike rapportar.

## **Del 7: TILTAK.**

### **7.1 Registrering/overvaking av bestand.**

#### **”Sett hjort”**

*Skal først av alle jaktlag( jaktleiar for jaktlaget rapporterar for heile jaktlaget) og einskildjegerar, og leverast styret saman med fellingsrapport, seinast 10 dagar etter jaktslutt. Alle skjema skal være korrekt utfylt med sett hjort, skutte dyr, avmerka for type jaktform, innmark/utmark, summert og underskreve av jeger.*

*Alle jaktfelt skal levere inn liste seinast 10 dagar etter jaktslutt med namn på jegeren som har jakta og om skyttar har levert ”Sett hjort skjema” skal komme fram i skjemaet.*

*Det er jaktleiar/ jaktfelt ansvarlig som har ansvaret for at disse skjema er korrekt utfylte og levert til styret i TBO innan frist satt av TBO.*

*For å hjelpe og synligjøre krav og reglar mellom jeger og jaktfelt er det utarbeidet en standard avtale.*

**Jeger bør ha en skriftlig avtale med jaktfeltet. Det anbefales at TBO sin standardavtale blir benyttet.**

#### **Kjeve og tannanalyse**

Som eit ledd i vurdering av bestanden i TBO med tanke på alder på felte dyr, tilvekst, kondisjon er innsending av kjeve og tannanalyse ett viktig bidrag.

I samarbeid med kommunen, eller viss TBO ønsker dette sjølv, kan det bli gjennomført innsamling av kjevar som eit ledd i bestandsovervåking.

Alle dyr frå 1,5 år og eldre skal innsamlast. Kjevane (en side med fortenner) skal straks etter slakting skrapast rene for kjøtrestar osv, merkes med tilsendt merkelapp med id.nr, der alle opplysningar om felt dato, vekt osv. skal noterast, og kjevane henges opp til tørking, de skal ikkje kokast rene. Kjevane blir innsamla og levert kommunen som sender disse inn til analyse. Resultata av dette blir tilgjengelig juni månad påfølgande år.

Det er jaktleder/ jaktfeltleder som har ansvaret på at innsamling, merking etc. blir følgt opp.

#### **Vektregistrering.**

Felte dyr skal vegast innan 12 timar etter felling, og først inn på skjema.

#### **Merkeprosjekt.**

Deltaking i merkeprosjekt skal vurderast og samordnast med andre vald og kommunar/fylke.

## Teljingar

Som ledd i registreringa bør laget ha fleire teljingar. Mellom anna teljingar på våren, teljing etter jaktslutt og vinterteljing, eller når styret i TBO vedtar andre teljingar.

## 7.2 Andre tiltak.

I planperioden kan det komme fram andre tiltak som kan setjast i verk. Dette kan vere beiterregistreringar, beiteforsterkande tiltak i skogbehandlinga, utsetting av saltstein, tiltak for reduksjon av trafikkdrepne dyr, fôring av dyr vinterstid for å lede bort dyr frå veier, fôrings plassar osv. Tilrettelegging for meir skytetrening, bygging av jakttårn for å betre tryggleiken, stimulering til felling av rev og liknande.

Det bør takast kontakt med andre organisasjonar, aktivitetsgrupper som bruker utmark til rekreasjon for å informere om jakt i områda for å unngå konflikhtar og ikkje minst ta vare på sikkerheita for personar som brukar vegar stiar osv. Merking og oppslag når jakt utøves i området kan være gode løysningar.

## Del 8: REGLAR FOR JAKT OG SAMARBEID.

Dei krava som myndigheitene set gjennom og til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter, skal følgjast.

- Jakt utanom fastsette jakttider utan spesielle unntak godkjent av TBO eller kommunen samt annen irregulær jakt skal rapporterast til styret i TBO.  
Slike hendingar vil bli rapportert inn til Politi myndigheiter.
- Alle jaktfelt/ jaktlag skal ha ein jaktleiar som har gjennomgått ”Jaktleiar kurs” i regi av kommunen eller andre instansar. Oppnemnt jaktleiar skal være rapportert inn til styret i TBO innan 1. august i jaktåret. Det skal opplysast namn, adresse, telefon, eventuelt andre kontaktopplysningar osv.
- Jaktleiar har hovud oppgåve å styre og planlegge utøvinga av jakta i sitt jaktfelt. Jaktleiar skal syte for at reglar vedtatt av grunneigarane, jaktlova, reglar satt av kommune og TBO er kjent for jegerane i jaktfelta.
- Jaktleiar skal kontrollere at alle jegerar som jaktar i feltet har sine papir i orden slik som, betalt jegeravgift, godkjent oppskyting for hjortevilt, våpenkort, jaktløyve, avtalar osv.
- Jaktleiar skal informere jegerane på jaktfeltet om ettersøks avtalen som gjelder eller sørge for at reglane for bruk av egen hund utanom fellesavtale blir følgt.
- Alle jaktfelt skal ha egen jaktfelt ansvarlig valt av rettighetshavarane av jaktfeltet.  
Navneliste med kontaktopplysningar over jaktfelt ansvarlige skal leverast inn til styret før jakt tar til.

## Skadeskyting.

Skadeskyting skal , i tillegg til dei krav som forskrifta set, snarast varslast jaktleiar for jaktfeltet og til styret for TBO.

Kvart jaktfelt er ansvarleg for å sende styret kopi av ettersøks avtale før tildeling av kvote.

*Om ønskjeleg kan TBO avtale ettersøks avtale for heile jaktområdet for planperioden.*

### **Godkjenning av nye jaktfelt.**

For å få godkjent eit nytt jaktfelt skal feltet vere samanhengande og minst ha storleik som tilfredsstillar minstekravet til areal .(1000 dekar)

### **Overføring/byting av kvote til anna jaktfelt.**

Dersom det kan dokumenterast at ein i eit jaktfelt har store beiteskadar, er det gjeve høve til å overta inntil 50% av tildelt kvote med anna jaktfelt, i første rekkje med nabojaktfelt. Oppsett avskytingsprofil for de jaktfelte som blir involvert skal likevel følgjast. Slike avtalar skal vere skriftelege og skal godkjennast av styret i TBO.

### **8.1 Overgang mellom jaktfelte. Fellesjakt/samjakt.**

Det vert oppfordra til samarbeid mellom jaktfelte slik at fellesjakt kan gjennomførast i deler av jakttida. Dette gjev høve til betre utnytting av ressursane innanfor driftsplanen og vil føre til høgare fellingsprosent. Slike avtalar kan ein inngå når som helst. Jaktleiarane skal sørgje for at løyve er gitt av alle grunneigarane i området, og at alle jaktfelt dette vedkjem er varsla. *Dersom kvote skal overførast, må regel for overføring/byting følgjast.*

### **8.2 Organisering i jaktfelte.**

Jaktfelte har sjølv ansvar for å utarbeide interne praktiske jaktrutinar. Interne reglar vedtatt av TBO må følgjast når det gjeld overgang, fellesjakt, avskytingsprofilar, straffereaksjonar osv.

TBO anbefalar at jaktfelte bruker TBO sin standardavtale mellom jaktfelt og jeger.

Reglar for fordeling av utbyte mellom jegerar/jaktlag og grunneigar må tenkjast grundig gjennom og utarbeidast.

TBO kan ikkje bestemme over slike reglar, men kan framsette anbefalingar for å få best mulig avvikling av jakta for å kunne oppnå best mulig avskyting.

### **Felling av skadedyr.**

Jaktfelt kan, etter søknad, få tildelt skadedyr av tilleggskvote som TBO har i jaktperioden.

Skade utanom jakttida må meldast til styret, slik at søknad om felling av skadedyr kan sendast kommunen. Etter 1. juni kan slik felling belastast kvoten det året. Etter ordinær jakttid og før 1. juni tilfell verdien av felte skadedyr det kommunale viltfondet.

### **Kontroll av felte dyr.**

Felte dyr skal rapporterast inn til oppnemnte kontrollør innan 24 timar. Hovudet av felte dyr skal oppbevarast i 72 timar for eventuell kontroll.

## **Feilskote dyr.**

Dyr som er skotne utover tildelt kvote på dei einskilde jaktfelt, må rapporterast inn til valdleiar straks.

## **Bruk av hund under jakt**

*TBO tillet ikkje bruk av "laus på drevet halsande hund" eller annan drivande hund i forbindelse med jakt på hjort og rådyr.*

## **Del 9: RUTINAR OG REGLAR VED FEILSKYTING**

Styret i TBO skal følgje rutinar og reglar ved feilskyting etter oppsette reglar..

Dyr som er felt feil, skal slaktast på beste måte og takast vare på til styret i TBO har bestemt kva som skal gjerast med slaktet.



**ULOVELIG JAKT OG GROVE FEILSKYTINGAR I OG UTANFOR JAKTTID KAN BLI RAPPORTERT TIL POLITIMYNDIGHET.**

Bot/gebyr rettes til jeger. Jaktfeltet skal underrette styret i TBO så snart som mulig om forholdet.

**Reglar for” bøtelegging” ved feilskyting osv.**

Dyr på kvote	Dyr felt feil som	Gebyr for feilskyting
Kalv	1,5 kolle	kr 1 000,00
	1,5 bukk	kr 1 000,00
	eldre bukk	kr 7 000,00
	eldre kolle	kr 5 000,00
1,5 kolle	kalv	kr 0,00
	1,5 bukk	kr 1 000,00
	eldre bukk	kr 7 000,00
	eldre kolle	kr 1 000,00
1,5 bukk	kalv	kr 0,00
	1,5 kolle	kr 1 000,00
	eldre bukk	kr 5 000,00
	eldre kolle	kr 3 000,00
eldre bukk	kalv	kr 0,00
	1,5 bukk	kr 0,00
	1,5 kolle	kr 1 000,00
	eldre kolle	kr 2 000,00
eldre kolle	kalv	kr 0,00
	1,5 bukk	kr 1 000,00
	1,5 kolle	kr 0,00
	eldre bukk	kr 7 000,00

Grove feilskytingar, annen uregulær jakt, grove brot på reglar og lover, kan TBO nekte jeger /jegerar vidare jakt i TBO sitt område i eit bestemt tidsrom. I tillegg kan TBO oversende slike forhold til påtalemakta.

**Felte dyr ut over gitt årlig kvote:**

Dyr felt ut over tildelt kvote, trekkast dyret i frå neste års kvote.

Jaktfelta må utarbeide gode varslings rutinar for å unngå at slike situasjonar oppstår.

Jaktfelt har rapporteringsplikt til TBO med liste med namn over jeger/ jaktlag som har jakta i sitt jaktfelt seinast når jakta er avslutta. Listene skal innehalde namn, adresse, kontaktopplysningar for kvar jeger/ jaktlag.

Oppnemnt jaktledar i kvart enkelte jaktfelt har hovudansvar for at jakt forgår etter generelle jakt og fangst lover og forskrifter, samt eigne reglar vedtatt i TBO.

Jaktledarane har rapporteringsplikt til styret i TBO når styret ber om dette.

### **Felling av feil type dyr.**

Dyret vert behalde av jaktfeltet. Dyret vert då trekt av kvota for type dyr jaktfeltet har og skyttar må betala bot etter oppsett liste og betalt inn til styret i TSV.

### **Felling av fleire dyr enn tildelt i jaktfeltet.**

Dyr felt ut over tildelt kvote, trekkast dyret i frå neste års kvote. Jaktfelta må utarbeide gode varslingsrutinar for å unngå at slike situasjonar oppstår.

### **Felling av dyr utover total årskvote i driftsplanområdet.**

Dersom dyr er skote utover den totale tildelte årlige kvota for driftsplanområdet, kan dette ordnast ved å bruke tilleggskvote som TBO har.

### **Tilbakemelding til jaktfelta/grunneigarane.**

Styret skal melde tilbake til jaktfelta om resultatet frå jakt kvart år, sett hjort, sett elg, gjennomsnittsvekter og liknande rapportar.

## **Del 10: ØKONOMI.**

### **Driftsøkonomi til drift**

Valdet vert sikra driftsøkonomi med ei tilleggsavgift pr fellingsløyve på hjort.

*Årleg avgift vert sett til 25 kr for kalv og 50 kr for eldre hjort. Endringar i avgifta skal leggest fram for årsmøtet. Disse avgiftene blir tillagt fellingsavgiftene vedtatt av kommunen.*

TBO krevjar ikkje inn fellingsavgift frå jaktfelta på skutte kalvar under 20 kg. Denne avgifta finansierar TBO med midlar tatt inn på tilleggsavgift for dyr. Dette for å stimulere skyttarar til å ta ut små og svake kalvar. Hundeavgift skal betalast for disse kalvane som vanlig.

Kommunen har gjort vedtak på at alle dyr som blir kontrollert av TBO sine kontrollørar og kan dokumentera disse opplysningar utbetalast det kr. 50,-pr. dyr til TBO. Dette fôrutsettar innlevert skjema til kommunen der kontrollerte dyr, vektor, dato og signert kontrollør er levert inn til kommunen innan innleveringsfristen. Denne ordninga kan bli endra av kommunen.

### **Finansiering av tiltak i planen.**

Tiltak kan finansierast av eigne midlar og fra tilskot til viltfondet i kommunen. Dette kan vere årlege kostnader eller spesielle tiltak som skal setjast i verk.

Styret er ansvarlig for søknader til viltfondet eller mulige støtteordningar.

1. For spesielle tiltak, merkeprosjekt, tanninnsamling av tenner for aldersbestemming av eldre dyr, foringsprosjekt osv. skal det settast opp budsjett på tiltaka som skal vere godkjent av årsmøtet.
2. Tilskot for etablering av lokalt grunneigarlag med vekt på oppstartkostnader.
2. Driftskostnader for 2015-2017 for kontroll under jakta og etterarbeid.
3. Finansiering av boka "Målretta Hjorteforvaltning-bedre ressursutnytting" til styremedlem (100%) og andre medlem (50%).

### **Rullering/evaluering.**

Driftsplana kan evaluerast kvart 3 år på laget sitt årsmøte. Om nødvendig kan endringar i bestandsplan takast opp med "viltforvaltninga" i kommunen. Jaktreglar og økonomisk del kan endrast på laget sitt årsmøte.

### **Del 11:TVISTAR**

Ved tvistar eller der styret i TBO trenger bistand for å finne løysningar på vanskelige spørsmål kan styret i TBO søke kontakt med kommunen for hjelp/ råd.